

# Segna om jutulane

## Jøron og Øystein

Ei segn knyter seg til Hellerdalen sør for Nybufjellet.

Etter denne segna skal jutulane Jøron og Øystein ha møtt kvarandre til strid der. Kva striden sto om er noko uklart, men det gjekk hardt for seg. Den eine av jutulane måtte bøte med livet og blei liggande att på kamplassen. Kven av dei det var får vi ikkje vite.

Dei to høge nutane Jøronnatten og Øysteinnatten skal etter denne segna vere oppkalla etter dei to jutulane.



*Teikning: Margit Helga Thoen*